



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Molde kommune

Dato: 26. jan. 2021

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

## HØYRING REGULERINGSPLAN NOTAHOLMEN

Vi viser til høyring av reguleringsplan for Notaholmen, Sandneset camping med høyringsfrist 5. feb. 2021.

Vi har i tidlegare uttale av 25.11.2019 rådd frå å gå vidare med nokon reguleringsplan for bygging av campingplass og/eller anna utbygging på vestsida av Notholmen og området rundt. Dette grunna naturverdiane, friluftslivinteressene og planstatus i kommuneplana. Ordlyden i konklusjonen i vårt innspel var;

***Det er gjort nok inngrep på Notholmen (i tråd med gjeldane plan) og vestenden bør difor få vere urørt og tilgjengeleg for alle utan nokon inngrep. På dette grunnlag rår vi frå å gå vidare med nokon reguleringsplan for bygging av campingplass og/eller anna utbygging på vestsida av Notholmen og området rundt. Subsidiært ber vi om at det blir satt krav om konsekvensutgreiing om ein velgjer å gå vidare med planane om utbygging av Notaholmen.***

Vi greier ikkje å sjå at FNF Møre og Romsdal sitt innspill er lagt ved i saksdokumentene. Det vi derimot les i saksframlegget på side 44 i planbeskrivelsen (Notaholmen- Sandneset camping -Plannummer: 202027) knytt til vår uttale er at «*Merknaden er registrert og tatt til følge.*» «Dette kjenner vi oss ikkje att i. Vi rådde nemleg frå å gå vidare med denne plana og **vår merknad er jo ikkje tatt til følgje.** Vi meiner det er saksbehandlingsfeil å ikkje leggje ved heile vår uttale og så attpå til bli tillagt meiningar vi ikkje har.

Elles har vi problem med å tolke den ovanfor nemnde planbeskrivelsen slik den er utforma no. For kva er kommunen sine synspunkt og kva som er utbygger/innleigde firma sine synspunkt? Blant anna saknar vi ei vurdering av kommunen etter §§ 8 -12 i naturmangfoldlova. Og kva slags synspunkt har kommunen om kravet om konsekvensutgreiing ? Slik vi les setninga «*Det er derfor vurdert som ikke nødvendig med egen konsekvensutredning for planlagte tiltak.*» på side 42 som konsulent/utbygger sitt synspunkt ? Slik vi les denne planbeskrivelsen er alt

---

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)

[www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no)



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

skrevet av utbygger/konsulentfirmaene utan kvalitetssikring av kommunen og kommunens egne vurderingar. Dette må jo vere enno ein saksbehandlingsfeil ?

I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser jfr Pbl. § 1-8 første ledd. Vi les at det er eit nasjonalt mål (satt av regjeringa) at strandsona skal bevarast som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle. Det er difor nødvendig med en streng praksis ved behandlinga av byggesaker i 100-metersbeltet langs sjøen.

No har Sivilombudsmannen nettopp publisert sin rapport om dispensasjonspraksis i 100-meters beltet mot sjø i tre utvalde kommunar (sjå <https://www.sivilombudsmannen.no/wp-content/uploads/2021/01/Sivilombudsmannens-undersokelser-av-dispensasjoner-i-strandsonen.pdf>). I ein fellesrapport oppsummerer Sivilombudsmannen dei sentrale funna som er avdekka i undersøkinga, og gir konkrete anbefalingar til alle kommunar i landet. Samla sett viste undersøkinga store manglar ved Mandal, Askøy og Kragerøs sin dispensasjonspraksis i strandsona der utbyggar i 85 % av tilfella får byggje. Sivilombudsmannen seier; « *Dette er urovekkende. Funnene gir oss grunn til å tvile på om kommunene har foretatt den vurderingen loven krever, og om kommunene har forstått loven korrekt.* »

Når det gjeld utbyggingsplanane på Notholmen som no ligg til høyring er også dette dispensasjon i høve til gjeldande kommuneplan. Gjeldande kommuneplan som har vore gjennom ein grundig og demokratisk prosess seier jo at det omsøkte området er avsatt til LNF (Landbruk-Natur-Friluftsliv). Det hjelp jo så lite at dispensasjonen blir fremja gjennom ei reguleringsplan for realpolitikken er jo den same. For å seie det slik; på kva måte (og lovheimel) ein byggjer ned og øydelegg strandsona på er uvesentleg for den det treff; naturen og turfolket (ålmenta).

## Konklusjon

Det er gjort nok inngrep på Notholmen allereie og vestenden bør difor få vere urørt og tilgjengeleg for alle utan nokon inngrep i tråd med gjeldande kommuneplan. Vi greier ikkje å sjå kva spesielt tungtvegande grunnar som tilseier at ein skal byggje ned Notholmen. **På dette grunnlag rår vi frå å tillate bygging av campingplass og/eller anna utbygging på vestsida av Notholmen og området rundt.**

Ingbjørn Bredeli  
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal



**f**orum for  
**n**atur og **f**riluftsliv  
Møre og Romsdal

Kopi:  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal